

God skuleavis av 10.klassingane.

30.09.2015



Svært mykje godt lesestoff i skuleavisa som Joakim, Ann Helen og dei andre 10.klassingane har laga!

**10.klassingane på Rosendal ungdomsskule har kome ut med nytt nummer av skuleavisa UNDER NUTEN. Allereie før eg har fått finlese heile avisa, kan eg slå fast at resultatet er svært godt. Elevane presenterer mykje interessant stoff. Det er god variasjon og breidde, og i denne avisa er det noko for einkvar smak.**



Karikatur: Hans M. Sæle Kårstad

Hans M. Sæle Kårstad sin gode karikatur av rektorskiftet

Underteikna fekk kjøpa avisra hos Ann Helen Rød og Joakim Ljosnes Myklebust. Ann Helen hadde vore  
[www.uskedalen.no/no/nyhende/13053](http://www.uskedalen.no/no/nyhende/13053)

kulturjournalist medan Joakim hadde styrt med reklame og annonsar.

Dei fortalte at alle elevane i 10.klasse hadde vore med på prosjektet.

- Vi har arbeidd med avisa i 2-3 veker, og elevane i dei to klassane vart delt inn i ulike grupper. Nokre var nyhendejournalistar, andre var politiske journalistar medan nokre hadde med reklame og med korrekturlesing og så vidare å gjera, kunne dei to avisspirene fortelja. I tillegg hadde dei to dugande redaktørar i Magrete Haugland Næs og Synne Seim Helleland.

På spørsmål om intektene frå avissalet skal gå til noko spesielt, svara Joakim:

- Ja, pengane skal brukast til tur eller noko kjekt for oss elevane.

I avisa kan vi lesa om kva ungdommanne brukar fritida til, om Baroni-jubileet og om den etterlengta dyreklinikken som er komen på Løfallstrand. Crossbana i Matre er sjølvagt noko som opptar ungdommane. Flott er det og at dei har plass til så mykje lokal- og ungdomspolitisk stoff.

Sportsstoff har og sin naturlege plass. Her får vi interessante intervju med både treffsikre skyttarar, sølvvinnarar og gutar som er reist ut for utvikla fotballdugleiken. Ei sportsleg vinkling har dei også på intervjuet med rådmannen.

Av andre intervju nemner eg eit velskrive, tankevekkjande og lærerikt intervju med ein med elev som har vorte råka av ME.

Det er svært mykje godt stoff i dette nummeret av UNDER NUTEN. Til saman er nummeret på 32 sider. Biletbruken er godt tilpassa, og slett ikkje overdådig noko som kan vera freistande med dagens teknikk. Det er veldig mykje godt lesestoff på dei 32 sidene.

Flott levert! 30 kroner var veldig billeg!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland